



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

### Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 27.02.2018 kl 19.00 i Kyrkjelydshuset.

#### Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Runar Matsui-Li, Erlend Andre Høyvik Haugsbø og Sturla Bell Fossen.

Kyrkjeverje Bjørnar Otterstein møter for å orientere/evt. vise rundt under synfaring i sak 008/18.

#### Desse hadde meldt forfall:

Stine Iren Røyseth, Leif Arne Fureli, Lisbeth Haugsbø, Anne Lise Ljotebø, Borgny Birkeland og Jarle Berge.

#### Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Toril Lange, Karin Grodås, postmottak Høyanger kommune.

**Sakliste:** Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

I sak 009/18 skal det stå ”styreleiar” i staden for ”styret”. Elles ingen merknad.

#### Meldingssaker:

##### 000009 Soknepresten har ordet.

Saka vart av praktiske grunnar siste sak i møtet, sidan presten pga møte i Høyanger kom litt seint. Soknepresten las komande sundags preiketekst, og delte nokre tankar omkring denne med oss.

##### 000010 Rekneskapsrapport.

Rapporten vert teken til vitring slik den føreligg.

#### VEDTAKSSAKER:

##### Sak 007/18: Framlegg om påskenattsgudsteneste i Kyrkjebø kyrkje.

**VEDTAK:** Soknerådet meiner tida fram til påske vert for knapp for å få førebudd denne gudstenesta tilstrekkelig. Påskenattsgudsteneste vert å leggje inn i års-planen for 2019.

##### Sak 008/18: Tilpassingar på galleriet i samband med orgelmontering.

Soknerådet meinte synfaring i kyrkja var unødvendig. Kyrkjeverja gjorde deretter greie for planen for tilpassinga av det nye orgelet, og informerte om at søknad om godkjenning av dette var sendt biskopen.

**VEDTAK:** Soknerådet sluttar seg til dette.

framhald ...

side 2:

**Sak 009/18: Godkjenning av ordlyd i søknad om økonomisk støtte.**

Framlegget til søknad om økonomisk stønad til jubileumsskriftet vart tekstmessig redigert, og det vart lagt inn ei inntektsside i budsjettet.

**DEL-VEDTAK I:** Kyrkjeverja utformar endeleg søknad, og denne vert sendt Hydro. Soknerådsleiaren har framlegg til søknad til Sparebankstiftinga. Han redigerer og sender denne.

**DEL-VEDTAK II:** Soknerådet søkjer ikkje andre lag og organisasjonar i bygda om direkte økonomisk stønad, men ber heller seinare om dugnadshjelp i samband med jubiléet.

**Sak 010/18: Felles kyrkjemusikkplan i Høyanger.**

**VEDTAK:**

Soknerådsleiaren sitt framlegg til plan er eit godt grunnlag, som vert å arbeide vidare med.

**Sak 011/18: Medarbeidarfest 2018.**

**VEDTAK:** Festen vert å arrangere 19.04. kl 18.00 i messa på Tronvik, alternativt på kyrkjelydshuset.

Ansvarsfordeling er slik:

|                                       |                       |
|---------------------------------------|-----------------------|
| Invitasjon til tilsette og friviljuge | - kyrkjekontoret.     |
| Tinging av hus og mat                 | - Erlend A H Haugsbø. |
| Programkoordinering/leiing            | - Sturla Bell Fossen  |
| Orientering om arbeidet i soknet      | - Audun Digranes      |
| Andakt                                | - Bjørnar Otterstein  |
| Musikkinnslag                         | - kantor              |

**Sak 012/18: Fasteaksjonen 2018.**

**VEDTAK:** Aksjonen vert 19.03.18 mellom kl 17.00 – 19.00.

Ansvarsfordelinga vert som fylgjer:

|  |                           |
|--|---------------------------|
| Avtale med konfirmantane/foreldra om bøssebering/skyss | - Soknepresten.           |
| Bøssene, henting og bringing                           | - Irene Aa Aarseth        |
| Kyrkjelydshuset, mat (pizza) og mottak                 | - Irene, Lisbeth og Audun |
| Vadheim, mat (pizza) og mottak                         | - Borgny, Leif Arne.      |

**Sak 013/18: Årshjul for Kyrkjebø sokneråd:**

**VEDTAK:** Saka vert utsett til neste møte.

**Møtet slutt ca: 21.15.**

Sturla Bell Fossen  
- skrivar –